

Saksnr: 2019/41-1  
Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Elizabeth Warren, Knut Åland

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		12.11.2019

**Tilskot til verna kulturminne i Vestland - Reviderte retningslinjer frå 2020****Forslag til vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner Vestland sine verna kulturminne utgjør ein viktig del av den regionale og nasjonale kulturarven.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ynskjer å stimulere kommunane til auka innsats på kulturminnefeltet, støtte opp om kommunane sine kulturminneplanar og prioritere verneverdige kulturminne av regional verdi.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningslinjer for ordninga tilskot til verna kulturminne i Vestland.

**Samandrag**

Tilskotsordninga skal bidra til å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø og sikre kulturminne som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Ordninga tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern i kommunale arealplanar eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi.

Tilskotsordninga vart etablert i Hordaland i 2018. Etter at ordninga har blitt betre kjent har fleire kommunar jobba meir aktivt med lokalt kulturminnevern. Prosjektleiaren si vurdering er at tilskotsordninga har vore særst vellukka og vil tilrå at tilskotsordninga vert vidareført i Vestland, med mindre justeringar av gjeldande retningslinjer.

Rune Haugsdal  
prosjektleder

Per Morten Ekerhovd  
påtroppande fylkesdirektør for  
kultur, idrett og inkludering

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

Vedlegg

1 Retningslinjer - Tilskot til verna kulturminne i Vestland

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland har ei rik kulturhistorie med mange kulturminne og kulturmiljø som spenner over eit tidsrom på om lag 10 000 år. Det årlege tapet av kulturminne, både frå nyare og eldre tid, er vesentleg og bør reduserast.

Høgt tap av kulturminne har vore knytt til endringar i næringsstruktur og demografi, og kommunar som ikkje har tatt ansvar for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne. Dei siste åra har fleire kommunar fått etablert lokale kulturminneplanar og ei betre handsaming av kulturminne etter gjeldande lovverk. Forutan å nytte lovverket, vil støtte til vern og utvikling av kulturminneressursane vere viktig. Tilskot til verna kulturminne er eit positive verkemiddel som bidreg til å få gjennomført ein regionalt tilpassa kulturminnepolitikk.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

### Vurderingar og verknader

Tilskot til verna kulturminne i Hordaland var ei ny ordning i 2018. Den avløyste den ordninga tilskot til vern og vøling av kulturminne i Hordaland. Etter at den nye ordninga har blitt betre kjent har fleire kommunar jobba meir aktivt med lokalt kulturminnevern. I 2018 var det 16 kommunar Hordaland som sendte inn søknader, medan 19 kommunar har søkt i 2019. Total søknadssum til ordninga har nesten dobla seg, frå i overkant av 3 mill. kroner i 2018 til kring 5,5. millionar i 2019. Tilskotsordninga legg grunnlag for mykje verdiskapinga og samla totalkostnader på istandsettingsprosjekta er rekna til kr. 11,5 mill. Fylkesrådmannen ventar vekst i samla søknadssum i framtida. Den meir planmessige innretninga på ordninga har ført til høgare kvalitet på kulturminnetiltaka som søker tilskot.

Det har ikkje vore etablert tilsvarande ordning i Sogn og Fjordane, men av omsyn til det viktige ansvaret kommunane i Vestland fylke vil ha på kulturminnefeltet er det prosjektleiaren si vurdering at ordninga vil vere særskilt viktig for fylkeskommunen si samhandling med alle kommunane i Vestland fylke.

I høve nasjonale forventningar til kommunal planlegging har kommunane hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne. Fylkeskommunen ynskjer å stimulere kommunane til auka innsats på kulturminnefeltet, støtte opp om kommunane sine kulturminneplanar og prioritere verneverdige kulturminne av regional verdi. Den regionale tilskotsordninga sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne som er prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi.

Prosjektleiaren si vurdering er at omlegginga av tilskotsordninga har vore særskilt vellukka. For framtida vil vi difor vurdere ei ytterlegare styrking av ordninga, slik at forholdet mellom kva det vert søkt om og kva som vert tildelt vert betra.

**Økonomi:** Storleiken på tilskot for 2020 vert handsama av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming.

**Klima:** Tiltak som sikrar bruk av eksisterande bygningsmasse er positivt for klimarekneskopen.

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordningane er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025  
**PREMISS: KULTUR**

### Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at tilskotsordninga for verna kulturminne vert vidareført i Vestland, med mindre justeringar av retningsliner slik at den dekker heile Vestland